

ÅRSMØTE 2013

Onsdag 27.november 2013 kl. 19.00

SAKLISTE:

- 1) Godkjenning av innkalling
- 2) Godkjenning av sakliste
- 3) Val av møteleiar
- 4) Val av to møtesekretærar
- 5) Val av to til å skrive under møteprotokollen
- 6) Godkjenning av Årsmelding for 2013
- 7) Godkjenning av Rekneskap for 2013
- 8) Val av:
 - a) – leiar
 - b) - kasserar
 - c) - to styremedlemer
 - d) - to varamedlem
 - e) - revisor
 - f) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
 - g) - 1 medlem til valnemnda

Medlemmer til:

- Hav og fjellsport gruppa
- Barnas Turlag gruppa

- 9) Innkomne saker:
 - a) Innspel til sak til årsmøte i Sogn og Fjordane turlag.
 - b) Hytteaktivitet i øyane
- 10) Aktivitetsplan og turar for 2014
 - a) Sjå saksvedlegg side 11
- 11) Fastsetting av losji prisar for 2014

Forslag til vedtak:
Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene
- 12) Fastsetting av turavgift for 2014
 - a) Sjå saksvedlegg side 12
- 13) Godkjenning av budsjett for 2014
 - a) Sjå saksvedlegg side 13

Etter årsmøte vert det orientert om:

- Stiar og merking i Brandsøyåsen ved Rolf Bjarne Sund
- Pilgrimsvandring ved Knut Magne Nesse og Albert Frøyen.

FLORA TURLAG

ÅRSMELDING 2013



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforening (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune. Flora Turlag utøvar sitt arbeid i Flora kommune og tilliggjande fjellområde, særleg Ålfotbreområdet.

Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig, og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har 3 ubetjente hytter. Alle hyttene er ubetjent d.v.s. dei er utan proviant, men dei er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs.
Turlaget legg og til rette for merking av nokre turområder.

Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

STYRET 2013


Leiar:	Siv Merete Stadheim – (på val)
Nestleiar/Styremedlem:	Kjartan Kvellestad – (ikkje på val)
Styremedlem:	Sissel Strømmen – (ikkje på val)
Styremedlem:	Kenneth Standal – (på val)
Styremedlem:	Kjetil Tveranger – (på val)
Kasserar:	Ane Eliassen – ((på val))
Varamedlem:	Roger Bareksten – (på val)
Varamedlem:	Stig Solheim– (på val)
Revisor:	Alvar Melvær – (på val)
Valnemnd:	Dag Eliassen – (ikkje på val – 1 år att)
	Siri Stavang – (ikkje på val- 1 år att)
	Kjell Hillersøy - (på val)

MEDLEMSUTVIKLING

Medlemstal per 15.10.2013: 540. Om lag 2,9% auke frå 2012.

Det tilsvarar omlag 4,5% av Flora kommune sine innbyggjarar.

Kolonne 1	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Hovudmedlemmer	311	300	290	271	245	224	210	208	202	200	188	179	184
Husstandsmedlemmer	103	93	88	70	62	62	65	58	60	60	54	51	49
Student-/skolemedlemmer	33	35	37	11	29	17	13	14	13	8	7	8	6
Honnørmedlemmer	42	39	34	32	18	14	17	18	21	19	19	14	18
Barnemedlemmer	44	51	46	39	33	27	21	11	8	11	3	6	7
Livsvarige medlemmer	7	7	7	7	6	6	4	4	3	4	4	4	4
Totalt	540	525	502	456	393	350	330	313	307	302	275	262	268



Vi har 2 æresmedlemmar Arne Grov og Kjartan Tveranger

MØTER/REPRESENTASJON

Flora Turlag:

Styret har hatt 6 møter.

Vi har hatt 1 turprogramkveld; ein for helgaturar og tysdags- og onsdagsturar.

Turboktrimmen: møte med folkehelsekoordinator Elisabeth Solheim.

Turlaget var søkjar av Gjensidigemiddlar i eit samarbeid med folkehelsekoordinator, Flora kommune m.fl. Det har vore fleire samarbeidsmøter mellom samarbeidspartane. Søknaden vart innvilga med kr 208.500. Fordelt på Gjensidigestiftinga/ Sogn og Fjordane fylkeskommune med kr 136.000 og Flora kommune med kr 72.500.

Styreledar har holdt foredrag på medlemsmøte til Florø Rotary og Florø Inner Wheel.

Turlaget hadde stand på Eikefjorddagane samt på Frivilligheitsdagen i regi av Flora kommune.

Arrangerte turladarsamling på Gjengabu.

Deltatt på møte om frivillig arbeid i regi av Flora kommune og Frivillighet Norge

Sogn og Fjordane Turlag:

Årsmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Skei: Siv Merete Stadheim

Fellesmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Sandane: Astrid Breiland Eliassen, Marit Linda Espeseth, Sissel Strømmen og Rolf Bjarne Sund.

DNT:

DNT sitt Landsmøte i Tromsø: Roger Bareksten

Oppturdagen / Kom deg ut dagen: Astrid Breiland Eliassen og Arnfrid Bergheim

UT dannelsingskonferanse på Gjendesheim: Astrid Breiland Eliassen og Dag Eliassen

DNT fjellsport Landsmøte: Roger Bareksten og Terje Grøneng.

TURAR/PROFILERING/AKTIVITETAR

	2013	2012	2011	2010	2009
Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar	91	99	58	57	42
Av disse:					
• Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	18 (8 avlyst)	11 (19)	12 (17)	19 (13)	19 (8)
• BT arrangement	9 (1 avlyst)	6 (4)	13 (5)	7 (2)	7 (2)
• Tysdag- og onsdagsturar	42 (5 avlyst)	35 (2)	33 (3)	31	16 (3)
• Ganglaget	18	32			
• FHF turar/kurs/arr	4	15 (2)			
<u>Deltakere:</u>					
Vaksne helgaturar/BT	188/429	602	577	1100	930
Barn helgaturar/BT	15/447	493	284	978	560
OPPTUR	170	170	160	150	170
Tysdag- og onsdagsturar	453 14 born	693	625	572	445
Ganglaget	126	256			
FHF	31	116			
Totalt	1873*	2330**	1646	2800	2105

() tal i parentes er tal avlyste turar

* i disse tala ligg det 400 deltakarar (200 born og 200 vaksne) som deltok på KOM DEG UT KYSTDAGEN som var ein del av 4H sin Kystdag ved Kystmuseet. Ein ser at sjølv om ein trekke dei tala heilt ut kjem ein likevel ut med eit bra tal deltakarar for 2013: 1473.

** i disse tala ligg det 500 deltakarar (300 born og 200 vaksne) som deltok på KOM DEG UT KYSTDAGEN som var ein del av 4H sin Kystdag ved Kystmuseet. Ein ser at sjølv om ein trekke dei tala heilt ut kjem ein likevel ut med eit bra tal deltakarar for 2012: 1 830. Tala er justert etter årsmøtet då ein oppdaga at det var ein feil i summeringa i Excelfila som låg til grunn for tala.

I år hadde vi 39 turar/arrangement i SFT programmet inkl. BT arrangementa og nokre FHF arrangement (utan tysdags- og onsdagsturar). Det har vore ein del avlysingar – hovudsakleg pga. ver.

Turane har vore gjort kjent på heimesida til Flora Turlag – www.turistforeningen.no/flora, og helgeturar har vore annonsert i Firdaposten. Det har vore sendt ut informasjon på epost og lagt ut på turlaget si facebookside.

Turane har som vanleg vore i SFT sitt Turprogram som vert sendt til heile fylket. Dei er og presentert i SFT sitt Turmagasin som kjem ut om kring mai. Firdaposten og Firda har vore flinke til å skrive om turane våre i ettertid når vi har sendt inn bilete og turomtale.

Barnas Turlag:

Arbeidsgruppe: Ane Eliassen (leiar), Ann-Kristin Strømmen, Iselin Solberg Tvenge, Lisbeth Ingvaldsen, Line Træen og Sissel Strømmen

Tal turar/arrangement: 9 (1 avlyst)

Deltakarar: 317 born og 299 vaksne

I år har vi hatt ei velfungerande og engasjert Barnas Turlag gruppe. Det vise kanskje att på statistikken med bare 1 arrangement/tur avlyst og mange deltakarar. Nytt i år var at vi hadde tur i Eikefjorden med lokale kjentmenn. Det var veldig positivt og veldig kjekt.

Opptur:

Flora Turlag og DNT skipa for 8. gang til OPPTUR for 8. klassingar. Det var om lag 170 8. klassingar på Brandsøyåsen denne dagen. Det var elevar frå både Eikefjord og Flora ungdomsskule. Dei deltok med alle 8.klassar. Astrid Eliassen og Arnfrid Bergheim var primus motorar i år som tidlegare år.

Seniorgruppa/Ganglaget delte ut frukt ved Torvmyrane skule.

Tysdags og onsdagsturar:

Tal turar: Oppsatt 39 turar, og tatt opp 3 avlyste totalt 42 turar. (5 avlyste klarte vi ikkje å ta opp att).

Deltakarar: 453 vaksne og 14 barn.

Også i år har vi hatt turar både tysdag og onsdag frå slutten av april til ut september. Nokre av turane har vore tematurar. T.d Trond Strømgren orienterte om skipsforlis og livet på øyane.

Vi ser av deltakinga at midtveketurane framleis er populære. Turen som hadde størst deltaking i år var turen til Alden. Turane vert lagt ut på nettsida, når dei er blitt terminfesta.

Firdaposten og Firda har vore flink til å skrive ein liten førehandsomtale av turane.

Astrid Breiland Eliassen, Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth hatt ansvaret for midtveketurane i år.

På vinteren/våren når vi har informasjonsmøte om turane trekker vi ut premier for dei som har vore med på tirs/onsdagsturane.

Ganglaget:

Ganglaget blei starta som et samarbeid mellom Turlaget og Pensjonistlaget for 2 år sida. 1. halvår hadde vi tilsaman 18 turar med ca 7 deltakarar i snitt. Fra september har Turlaget ved Trygve Nybø vært med å starte opp eiga Seniorgruppe. Ganglaget nå er sjølvgåande og administreras av pensjonistlaget.

Seniorgruppa starta opp sin aktivitet i slutten av oktober og er eit tilbod til dei «spreke» pensjonistane. Torsdag er turdagen og dei går på dagtid.

Flora Hav og fjellsportgruppe:

Leiar: Roger Bareksten

Styremedlem: Kari Nordvik Hauge, Terje Grøneng og Kenneth Standal

Varamedlem: Eivind Nordvik Hauge og Kjetil Høidal

Gjennom FHF ønskjer Flora Turlag å utvide aktiviteten og nå nye målgrupper generelt og ungdom spesielt. Gruppen er tilknytt DNT Fjellsport.

Aktivitetar i 2013:

Topptur på skitur til Egga

Deltakarar: 2

Fottur i Slingsbys fotspor til Keipen/Riisekeipen

Avlyst

Haukåbøra

Deltakarar: 12

2 Padlekurs

Deltakarar: 7+10

Skibussen Florø-Jølster, eit samarbeidsporsjekt med Flora Vgs. Mellom 50 og 100 deltakarar i løpet av vintersesongen.

1 deltakar har vore på skredkurs. Leiar vart vald inn i landsstyret til DNT Fjellsport for to år. Leiar i gruppa har jobba aktivt mot vidaregåande skule med foredrag om aktiviteten vår med det formål å inkludere og rekruttere ungdom i større grad.

Terje Grøneng overtok leiarvervet frå 1. oktober.

Merkenemnd:

Astrid Breiland Eliassen, Dag Eliassen og Jofrid Sundal

Det er merka opp til Gjegnabu via Lavesteien. Det er også løyvd ekstra midlar i 2013 til å skilte og merke opp til Lavesteien frå Hope – det vil bli gjort i 2014

Ruta til Blåbrebu er merka og brua over Stølselva delvis reparert

Ruta mellom Årebrot og Grytadal er delvis merka opp att

Det er sett opp skilting i Grytadal som viser til Snøfjellet, Slettevarden, Terdalskeipen og Klaukekeipen.

Ein har og jobba ein del med førebuing til mekreprosjektet med Gjensidige- midlane. Astrid Breiland Eliassen er turlaget sin representant i arbeidsgruppa som er oppretta for prosjektet. Ein har gått gjennom rutene og planlagt skilt frå sentrum - over Storeåsen, frå sentrum via Havhesten/ Kleiva til Sørstand. Frå Havhesen skal det merkast vidare til Brandsøyåsen og dette prosjektet vert sett i samanheng med oppgradering av stinettet i Brandsøyåsen.

Det er starta eit arbeid med å legge ut turar på ut.no

Kom deg ut dagar:

Kom deg ut-dagen er nasjonale turdagar i regi av DNT. Dagen skal styrke kjennskapen til turlaget sitt kjernetilbod og gjennom det auke deltakinga i friluftsliv blant alle aldersgrupper.

Kom deg ut-dagen – vinter. I år valte vi å legge skileiken til Ramsdalsheia. Det vart ein flott dag, men i overkant djup laussnø. Vi laga anlegget i bakkane tett på Trollstova og dei som kom fekk ein flott vinterdag med ski, aking, snøholebygging og bålkos. Omlag 80 tok turen denne dagen. Skituren til Endestadnipa vart avlyst – dårleg vær og ingen møtte.

Kom deg ut dagen-haust. Denne dagen fell alltid på same dag som 4H sin Kystdag på Kystmuseet og vi vel å vere ein del av deira arrangement. I år bad vi ungane som tok turen innom standen gje oss sitt beste turtips. Turmålet vart markert på kart med nål. Vi fekk inn omkring 40 turtips. På bålpanna vart det laga god tomatsuppe som forbipasserande fekk smake. Mellom trea utanfor Kystmusset kunne ein prøve seg i balansetau. Vi hadde og planar om å arrangere KOM DEG UT fottur til Børa, men veret/meldingane var så dårlege at det ikkje vart noko av.

Turleiiing på Flora kommune sin ”Fag og fest dag”:

I februar skipa vi til tur til for tilsette i Flora kommune i samband med deira ”fag og fest-dag”. Turlaget fekk 4000,- for denne oppgåva

TURBØKER

Turlaget har 13 turbøker plassert i kasser sponsa av lokalt næringsliv. Brandsøyåsen – er det best besøkte turmålet med ca 35 000. Hovlandstølen som nr 2 med ca 2 100 og nr 3 Hatlesetnipa med 1750 stk. Nytt av året er at det er sponsa to turbokasser av BB gruppa (Flatenipa og Hovlandstølen) og Avinor (Endestadnipa og Snøfjellet). Vi har i år som tidlegare år hatt trekning av premiar. Vinnarar og statistikk vert lagt ut på heimesida og formidla til Firdaposten. Det er berre Brandsøyåsen vi trekker på av turbøkene.

Turboktrimmen:

Turboktrimmen er eit samarbeid med Flora Kommune. Her kan ein velje å gå til 8 av 14 ulike turmål i heile kommunen. Tal deltakarar: 24 stk
Hovudpremien i år var flyreise t/r Oslo eller Bergen for 2 personar sponsa av Widerø.

SAMARBEID

På tysdags- og onsdagsturane våre har vi veldig ofte med oss lokale kjentfolk. Mange tek kontakt og ønskjer at turlaget skal gå tur i deira nærområde.

I år har vi hatt samarbeid med 4H om Kystdagen på Kystmuseet og Kinnaspelet om tur på Kinn og Byen vår Florø om Kystnisse arrangement på Torget.

Florø Skyssbåt AS er ein god samarbeidspart i samband med leige av båt til dei mange øyturane våre.

Turboktrimmen – samarbeid med Folkehelsekoordinator i Flora Kommune.

Vi har og eit godt samarbeid med Nordalsfjorden grendalag om stølsdag på Midtbøstølen. I år feira vi fylket sitt 250 årsjubileum på stølsdagen samt at grendalaget der har arrangert denne dagen i 20 år og 17 av desse i samarbeid med FT.

HYTTENE

Ny(e) hytte(r): Det har ikkje vore jobba noko med ny hytte på løypetraseen Årebrot – Ålfotbreen.

Grytadalsbu:

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver. Vi søkte midlar via KLP Dugnadsfondet og har brukt støtta på kr 10 000,- til å gjere Grytadalsbu meir barnevennleg. Bålpanne er på plass og det same er litt barnebøker/ spel samt nytt skilt ved parkeringsplassen.

Tilsynsmann: Stig Solheim

Blåbrebu:

Det var helikopterløft til hytta i oktober. Ved/ gass/måling/ div utstyr til vedlikehold er komnt fram til hytta. Det er gjort div vedlikehold samt montert røykvarslere.

Tilsynsmenn: Ørjan Halvorsen og Olaf Rimmen.

Gjegnabu:

Påsatt ny takhatt, brannteppe og brannvarsler er montert, vaska og rydda.

Tilsynsmenn: Steffen Hestenes og Martin Mettenes

Hyttebesøk:

		13	12	11	10	09	08	07	06		13*	12	11	10	09	08	07	06
Grytadalsbu	Overnatting	17	5		7	11		19	11	Dagsbesøk	50			34	10		5	39
Børabu	Overnatting		-	-	-	10	21	42	26	Dagsbesøk		-	-	-	4	30		10
Gjegnabu	Overnatting	122	105	83	140	75		70	122	Dagsbesøk	7		1	16	37			20
Blåbrebu	Overnatting	42	72	79	130	72	74	26	110	Dagsbesøk	30	3	3	-	4			3
Gamle Blåbrebu	Overnatting		5	3	2	-	4	6	-	Dagsbesøk				-	2	-	-	-
Totalt		181	187	165	107	168	99	157	269		87			24	57	30	5	72

*dagsbesøk er stipulerte tal.

NATURVERNARBEID

Flora har ein vakker og unik natur med gode mulegheiter både for fjellsport, lettare turar, kajakk og anna aktivitet knytt til sjø og hav. Dette kan lett bli ei sovepute når det gjeld å ta vare på naturen. Dei seinare åra har vi hatt fleire saker der utbyggingsinteresser har utfordra natur og friluftinteresser.

Vindmøller på Guleslettene vil vere eit stort inngrep og den store kraftlina som går gjennom heile kommunen vår, er døme på dette. Argument frå politikarar er at vi har nok natur å ta av. Det er ei utfordring at utbyggingane skjer som enkeltsaker utan at det føreligg ei samla plan for kva som bør takast vare på og kva som kan utbyggast.

Det var såleis positivt når Flora Turlag vann fram med dei 3 kraft-utbyggingssakene i Nordalsfjorden. Flora Turlag prioritert å rette sin motstand mot desse tre og vi fekk bystyret med på å gå i mot ei utbygging. Jostein Midtbø gjorde ein god jobb og var med på å forme fråsegna som gjekk til bystyret. Vi har god grunn til å tru at vi unngår at desse fossane i Nordalsfjorden blir utbygde.

TURBOK

På årsmøte i 2012 vart det vedteke at Flora Turlag skal utarbeide ei turbok for Flora kommune. Det er etablert ei redaksjonsgruppe for prosjektet bestående av Signe Nordvik, Eivind Nordvik og Harald Stavang.

Florø kommune har sponsa prosjektet med kr 100.000.

DUGNAD

Hyttene: om lag 300 timar

Turleing/arrangement: om lag 800 timar

Tysdags og onsdagsturar: om lag 600 timar

Møter og administrasjon: 500 timar

Varding/ merking: 100 timar

TURLEIARAR

Desse har autorisasjon som turleiarar:

Grad 3: Stig Solheim, Kjetil Tveranger og Kolbjørn Hovland.

Sommarturleiar (Grad 2): Ludvig Solberg, Dag Eliassen, Alvdis Solvang, Alvar Melvær Roger Bareksten, Terje Grøneng, Kjartan Kvellestad, Kari Nordvik Hauge, Eivind Nordvik Hauge, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen og Kolbjørn Nybø

Nærmiljøturleiar (Grad 1): Lene Eliassen, Sissel Strømmen, Espen Lothe, Aina Solheim, Inger E Solem, Trygve Nybø, Lars Bjørnbæk, Nina Seljestokken, Ane Eliassen, Bente Årebrot, Merete Moe, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Ulf Brendø, Astrid Jurgensen, Helge Dale, Danckert Dankertsen, Anders Cassells, Arnt Hellevang, Hilde Charlotte Strømsnes, Janne Kristin Fristad, Marit Gjerstad, Sara Steine, Terje Heggheim, Oddvar Myhre, Siri Stavang, Idun Jansen, Siri Jansen, Monica Støyva, Anders Myklebust, Gunnar Furelid, Knut Hjermann, Oddgeir Hamn, Torbjørn Lysne og Eilif Bjerck.

Sogn og Fjordane Turlag vedtok på årsmøtet i januar - 2000 at lokallaga skulle bruke oppsette retningslinjer/naudprosedyre for turleiar. Desse blir delt ut til alle turleiarane i Flora Turlag.

SPONSOR/ TILSKOT TILDELT

- FMC sponsoravtale på kr 15.000 til drift annonsering pr.år.

TILSKOT

	2013	2012	2011	2010	2009
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane: Born og unge (via SFT) Hav- og fjellsport	20 000,-	18 000,- 10 000,-	20 500,-	8 000,-	5 000,-
Flora Kommune Kulturmidlar	6 000,-	Ikkje lyst ut	Ikkje lyst ut		1 500,-
DNT –FRIFOND – prosjektstøtte For levert årsrapport-DNT	5 000,-		20 000,- 5 000,-	5 000,-	7 500,- 5 000,-
DNT FRIFOND medl. under 26 år	816,-		500,-	2 108,-	
DNT Frifond OPPTUR	7 000,-		5 000,-	5 000,-	
Seniorsatsing”Aktiv i 100”		3 000,-			
KOM DEG UT DAGEN VINTER Februar			3 700,-	6 000,-	1 000,- 4 500,-
KOM DEG UT KYSTDAGEN (Øymerka annonse)		-		4 000,- 1 000,-	5 000,-
Studieforbundet – turleiarkurs		5 500,-	1 350,-		
Grasrot Norsk tipping	6 916,-	6 638,-	4 160,-	1 034,- 730,-	935,-
Aktivitetmidlar S&Fj Fylkeskommune	13 000,-	15 000,-	11 000,-	-	-
GdF Suez		35 000,-	35 000**	30 000,-*	
FMC	15 000,-*				
Erling Bjørstad stiftelse		25 000,-*			
Olav Thon Stiftelse madrassfond		-	22 495,-		
Honorar Fritt levert (Firdaposten)		1 000,-	2 000,-		
Coast Alive (sponsa Øyane over)		7 000,-			
WIIS (sponsa 5000 til annonse)		-	-	5 000,-*	
GdF Suez gåve til Gjegnabu		-	-	20 000,-*	
Flora kommune gåve 20 års jubileum		-	-	5 000,-	
Turresepten		-	-		10 000,-
Finn fram dagen		-	2 500,-	-	3 000,-
Ålfotbreen Landskapsvernområde - merking, skilting og utstyr	10 000,-*				
Gjensidigefondet	208 500,-*	-	-		
KLP dugnadsfond	10 000,-				
Flora Kommune –bokprosjekt	100 000,-**				
Flora kommune – skibuss	30 000,-				
Totalt tilskot:	<u>432 232,-</u>	<u>101 138,-</u>	<u>133 205,-</u>	<u>92 872,-</u>	<u>43 435,-</u>

Utbetalast etter 1.nov og kjem på 2014 regnskapet*.
Kr. 50.000 av desse kjem til utbetaling ved prosjektavslutninga**

Vi vil rette ei stor takk til alle dei som gjer ein uvurderlig dugnadsinnsats for turlaget!!

Siv Merete Stadheim

Kenneth Standal

Ane Eliassen

Sissel Strømmen

Kjetil Tveranger

Kjartan Kvellestad

SAKSVEDLEGG

Sak 9: Innkomne saker:

a) Innspel til sak til årsmøte i Sogn og Fjordane Turlag.

Styret ønskjer at Årsmøtet tek stilling til om vi skal be Sogn og Fjordane Turlag sjå på måten fellesturar vert marknadsført på. Eit forslag kan vere å setje ned ei prosjektgruppe som kan sjå på meir moderne teknologi som eit alternativ for å marknadsføre fellesturane for å erstatte dei papirversjonane ein har i dag.

Grappa kan ev. og ta stilling til kva frigitt tid i SFT administrasjonen kan brukast til for beste for lokallaga.

b) Hytteaktivitet i øyane

Skal kystturlaget FT jobbe for å kunne tilby våre medlemmar overnattingsplass i øyane?

Sak 10: AKTIVITETSPLAN FOR 2014

Styret har følgjande forslag til aktivitetsplanar for neste år:

Turar:

- Arrangere turar etter programmet
- Føring på Ålfofbreen
- Tysdags- og onsdagsturar
- Torsdagsturar
- Satse på barne- og ungdomsturar – kanskje få barn og ungdom med på andre turlag sin arrangement for å få inspirasjon og komme tilbake for å skape aktivitet hjå oss
- DNT ung – samarbeid med nytilsett DNT ung medarbeidar i SFT administrasjonen.
- Vidareutvikle samarbeid med andre friluftsgeselskap og organisasjonar om aktivitetsdagar

Kurs:

- Arrangere aktivitetsleiarkurs i regi av Barnas Turlag
- Turleiarsamlingar/kurs/kompetanseheving av frivillige i organisasjonen:
 - GPS kurs
 - Livredningskurs i vatn
 - Geocaching
 - Breførarkurs

Hytter/stiar:

- Utføre nødvendig vedlikehald på hyttene
- Ettermerking av rutene og setja opp skilt ved vegen
- Jobbe for ny hytte
- Gjennomføre tiltak omsøkt i Gjensidigestiftelsen.

Diverse:

- Fortsette arbeidet med turbok
- Medlemskveldar

TURFORSLAG 2014

Det er sendt ut mail til turleiarane og lagt ut informasjon på heimesida om at ein ønskjer innspel på turar til neste års turprogram. Frist for innspel i første runde er satt til 15. desember. Styret tek innspela med seg og set opp eit utkast til turprogram for 2014. Utkastet vert sendt ut til turleiarane slik at dei kan melde seg som turleiar på turane. Det endelige programmet vert spikra på Turprogramkvelden som vert halden 3. januar. Då kan ein og kome med forslag til turar.

Sak 12: TURA VGIFT 2014

Turavgift: Heildagsturar: medleamar: gratis ikkje medleamar: kr. 100.00
Tysdags og onsdagsturar: inga avgift utover faktiske transportkostnadar

Barn under 15 år gratis

Transport kjem i tillegg

SAKSVEDLEGG

Sak 13: BUSJETT FOR 2014

Budsjett 2014

Inntekter

Medlemskontingent	155 000
Turavgifter	60 000
Overnatting hytter	25 000
Kurs	
Tilskot	100 000
Anna	
Sum	340 000

Kostnader

Kostnader arr -Båttransport	90 000
Annonser	45 000
Hytter	55 000
Kurs	20 000
Merking	15 000
Møter/kurs/oppdateringar o.l	8 000
Anna	100 000
Sum	333 000

Renter 24 000

Årsresultat 31 000

Barnas Turlag og Hav og Fjellsport gruppa har bedt om 25.000 til investeringar/drift av sine grupper.